



GJER DET GODT: Butikkeigar Vincent 't Hart er nøgd med årets salstal. FOTO: Veronica Irmelin Ellingsen

Desse varene går unna: – Folk handlar ikkje brød og mjølk klokka tre på natta

Veronica Irmelin Ellingsen

JOURNALIST

På Joker Nordagutu kan kundane handle 24 timar i døgnet, sju dagar i veka.

– Heilt frå starten har me merka at tilbodet blir mykje brukt. Det er sjeldan me har ein time utan sal, seier butikkeigar Vincent 't Hart, og smiler fornøgd.



DØGNOPEN BUTIKK: Vincent 't Hart driv butikk saman med kona Tanja Sluijsmans. FOTO: Bø blad, arkiv

Døgnopen butikk

Den vanlege butikken er bemanna frå klokka 9 til 20 på kvardagar, og frå klokka 9 til 18 på laurdagar. Resten av tida er det sjølvbetent butikk. Dermed er butikken døgnoopen.

kassa

Sjølv om dette ikkje har ført til noko markant auke i totalsalet, er Hart framleis nøgd.

– Me dekkjer eit behov i marknaden, det ser me, seier han.

Når han får spørsmål om korleis sommaren har vore, svarar han:

– Det har vore ein veldig god sommar. Heile året har me faktisk lege over budsjettet, og det er jo hyggeleg.

Søndagsope

– I februar starta me med sjølvbetening heile døgnet, også på søndagar. Folk har verkeleg fått det med seg, og det har ført til ein betydeleg auke, fortel Hart.

På søndagar må kundane gå til den mindre butikken ved sida av, ei såkalla Brustadbu.

Her kjem det både lokale og folk langvegs frå, særleg på søndagane.

No er butikken open døgnet rundt, men det er ein trussel

– Det er ikkje så mange søndagsopne butikkar i området, så folk køyrer langt for å kome hit. For min del kan dei andre butikkane godt halde stengt på søndagar. Da kan kundane kome til oss, seier han og ler.

seier han.



FINGERAVTRYKK: Kundane opnar skåpet med fingeravtrykk, eller dei må snakke med Vincent 't Hart. FOTO: Marta Kjøllesdal

Kva handlar kundane?

Når Hart blir spurd om kva som eigentleg går unna i hyllene i butikken, tenkjer han seg litt om.

– Det går mykje i lettvinnt mat som kan etast på farten. Me sel òg ein del 18+-produkt som tobakk, og mykje energidrikk til alle døgnets tider.

På kvelden og natta går det særleg mykje ferdigmat og snacks.

– Folk kjem ikkje inn klokka tre på natta for å kjøpe brød og mjølk, for å seie det sånn, seier han, og ler.

Men handlemønsteret varierer sjølvstund med tidspunktet.

– I morgontimane er det mykje arbeidsfolk innom. Då går det mykje bakverk, brød og pålegg, fortel han.